

# MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Utval for oppvekst og omsorg  
**Møtestad:** Hagakyrkja  
**Møtedato:** 28.08.2006 **Tid:** 16.30-19.30

---

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7, inkl. 0 varamenn:

**Andre som var tilstade på møtet:** Ordførar Aase og Ass.adm.sjef Våge under heile møtet og kulturkonsulenten frå 18.00-19.30

## **Merknader:**

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 5. september 2006

**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:**

Protokollen vart godkjent.

**UTVALET SITT KVARTER:**

Audhild Olsnes stilte spørsmål om PPT- samarbeidet med Os. Ass.adm.sjef orienterte om det pågåande arbeidet med ny avtale med Os. I ein mellomfase er det inngått avtale med Vaksdal kommune om å følgje opp alleie oppmeldte elevar inntil Os overtar desse.

**MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR**

Ass.adm.sjef orienterte om følgjande;

Bassenget på Samnanger ungdomsskule er no ferdig og under testing. Alle som skal ha badevaktfunksjon skal gjennomføre kurs i livredning før bassenget kan opnast. Dette vil verte organisert av rektor på ungdomsskulen og me håpar at den offentlige badinga i regi av Røde Kors vil komme i gong før haustferien. Opning og prisar vert kunngjort.

Tomta til den nye barnehagen på Gjerde er no kjøpt. Administrasjonen vil i løpet av september komme med framlegg om framdrifta og arbeidet med den nye barnehagen.

Velforeiningane i Eikedalen og Rolvsvåg arbeider no for å plassere ballbingane. Dei har fått tilsendt krava for å ta i mot bingane og i Rolvsvåg er dei i gong. I Eikedalen har det vore synfaring av repr. frå fotballkretsen og Mohn og representant frå fylkeskommunen kjem på synfaring i denne veka. I løpet av september vil kommunen få tilbakemelding frå desse om plasseringa er i samsvar med retningslinene for tildeling. Det er svært sjeldan desse instansane går i mot kommunale vedtak.

OO-utvalet valte Vidar Rolland og Geir Markhus som representantar til utvalet som skal sikre friområde i kommunen.

Utvalet fekk delt ut Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Utvalet vil i møtet den 17 oktober få ein statusrapport på korleis og kva som er følgt opp i høve til utvalet sitt vedtak om kunnskapsløftet.

Audhild Olsnes orienterte kort om status for Stolpane skulehus og kva dugnad som skal gjennomførast.

Ordførar Aase orienterte om utluftinga på Idrettsanlegget og om sak til kommunestyret om å innarbeide vedlikehaldsutgiftene på anlegget i framtidige budsjett.

Aase orienterte og om *Landsforeningen mot hjerte og lungesykdommer* sin Skritt-aksjon, Ho utfordra to utvalsmedlemmer å delta i aksjonen og gå med skritt-teljar. Målet er 10.000 skritt pr. dag og vere førebilete på at dette er med å ivareta helsa.

**KL. 18.00:** Orienterte soknepresten Soknerådet og Oppvekst og omsorg om: NOU 2006:2 Om staten og Den Norske Kyrkja. OO-utvalet og kommunestyret vil få denne som eiga sak i haust.

Desse sakene vart handsama:

## SAKSLISTE

<b>Utvalgssakstype/nr.</b>	<b>Arkivsaksnr.</b>	<b>Tittel</b>
0010/06	06/00372	<b>SAMNANGER KOMMUNE - 100 ÅR I 2007.</b>

0010/06

## **SAMNANGER KOMMUNE - 100 ÅR I 2007.**

### **Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune set ned ei jubileumsnemnd til å vera ansvarleg for markeringa av at Samnanger har vore eigen kommune i 100 år i 2007. Nemnda er sett saman av tidlegare og noverande ordførar(ar), sokneprest, inntil to medlemmer frå Samnanger historielag og ein representant frå oppvekst og omsorg. Marit Aase vert leiar og leiar av Kultureininga vert sekretær for nemnda.

Nemnda skal til neste OO-møte den 28 nov. kome med forslag på ulike markeringar og opplegg som kan gjennomførast i 2007. Målsettinga bør vere å få til ei brei innbyggjardeltaking. Nemnda vert i lag med OO-utvalet arrangementkomitè for dei ulike markeringane.

### **Handsaming i møte:**

Oppvekst og omsorg valde samrøystes Nils Gåsdal til å sitte i nemnda.

### **Vedtak:**

Samnanger kommune set ned ei jubileumsnemnd til å vera ansvarleg for markeringa av at Samnanger har vore eigen kommune i 100 år i 2007. Nemnda er sett saman av tidlegare og noverande ordførar(ar), sokneprest, inntil to medlemmer frå Samnanger historielag og Nils Gåsdal frå oppvekst og omsorg. Marit Aase vert leiar og leiar av Kultureininga vert sekretær for nemnda.

Nemnda skal til OO-møte den 28 nov. kome med forslag på ulike markeringar og opplegg som kan gjennomførast i 2007. Målsettinga bør vere å få til ei brei innbyggjardeltaking. Nemnda vert i lag med OO-utvalet arrangementkomitè for dei ulike markeringane.